

Månad: februar 2023

AKTIVITET

Psykisk helsevern	Denne periode					Til no i år				
	Faktisk	Plan	Avvik frå plan	I fjor	Avvik frå i fjor	Faktisk	Plan	Avvik frå plan	I fjor	Avvik frå i fjor
Psykisk helsevern vaksne										
DRG poeng	420	425	-5	386	34	853	857	-4	762	91
Tal heildøgnsopphald	1 280	1 549	-269	1 423	-143	2 831	3 217	-386	3 009	-178
Tal utskrivne pasientar	72	81	-9	79	-7	168	173	-5	169	-1
Polikliniske kons. m/refusjon	2 106	2 229	-123	2 099	7	4 345	4 498	-153	4 302	43
Rus										
DRG poeng	31	44	-13	31	0	79	96	-17	62	17
Tal heildøgnsopphald	671	591	80	435	236	1 388	1 189	199	882	506
Tal utskrivne pasientar	20	21	-1	9	11	49	45	4	26	23
Polikliniske kons. m/refusjon	157	228	-71	211	-54	360	496	-136	428	-68
Psykisk helsevern barn og unge										
DRG poeng	490	544	-54	438	52	1 057	1 171	-114	918	139
Tal heildøgnsopphald UPH	110	128	-18	86	24	208	234	-26	228	-20
Tal utskrivne pasientar UPH	10	9	1	13	-3	18	20	-2	23	-5
Polikliniske kons. m/refusjon	1 449	1 811	-362	1 591	-142	3 094	3 896	-802	3 350	-256

Psykisk helsevern for vaksne (VOP/TSB)

Aktiviteten innan PHV for vaksne har vore god i perioden med aktivitet litt lågare enn plan. I høve fjoråret har vi auke i aktiviteten.

Innan tverrfagleg spesialisert rusbehandling (TSB) har vi høg aktivitet i perioden. Også her har vi høgare aktivitet enn i fjor.

Psykisk helsevern for barn og unge (PBU)

Aktiviteten i perioden har totalt sett vore god både for poliklinikkar og ungdomsposten for psykisk helsevern (UPH), men vi har vanskar med å oppnå planlagt aktivitet ved ein av poliklinikkane. Det er framleis stor tilstrøyming av nye tilvisingar til psykisk helsevern for born og unge, og dette er krevjande å følgje opp med tilgjengelege ressursar.

Beleggsprosent døgnsesjonar
Beleggsprosent inklusiv perm og anna fråvær, februar 2023, klokka 7

Institusjon	Klinikk	Post	Siste 12 mnd	I vald periode	Avvik frå gj.snitt siste 12 mnd	Pasient på korridor
HELSE FØRDE HF	Psykisk helsevern	Akutt Døgn, Psyk.Førde	75 %	76 %	0 %	0
HELSE FØRDE HF	Psykisk helsevern	DPS Allmenn Førde	69 %	66 %	-3 %	0
HELSE FØRDE HF	Psykisk helsevern	DPS psykose Førde	93 %	69 %	-24 %	0
HELSE FØRDE HF	Psykisk helsevern	ISP Døgn	74 %	79 %	4 %	0
HELSE FØRDE HF	Psykisk helsevern	Lokal tryggleikspost Førde	99 %	91 %	-7 %	0
HELSE FØRDE HF	Psykisk helsevern	NPS Døgn	84 %	92 %	8 %	0
HELSE FØRDE HF	Psykisk helsevern	NPS Rus	60 %	75 %	15 %	0
HELSE FØRDE HF	Psykisk helsevern	Ruspost Tronvik	72 %	79 %	7 %	0
HELSE FØRDE HF	Psykisk helsevern	Ungdomspost for psykisk.helsevern	63 %	67 %	4 %	0
Totalt			75 %	76 %	2 %	0

ØKONOMI

Artskonto		Regnskap	Budsjett	Avvik	Regnskap Hittil	Budsjett Hittil	Avvik Hittil
☒ ISF inntekter	HV031.1.01	3 299	3 526	-227	6 918	7 391	-472
☒ Gjestepasient inntekter	HV031.1.02	600	717	-117	1 300	1 434	-134
☒ Poliklinikk og andre pasientinntekter	HV031.1.03	846	802	44	1 716	1 666	50
☐ Pasientrelatert inntekt	HV031.1	4 745	5 045	-300	9 935	10 490	-556
☒ Basistilskudd	HV031.2	42 619	42 619	1	84 240	84 238	2
☒ Andre inntekter	HV031.3	-217	589	-806	-225	1 179	-1 404
☐ Sum Driftsinntekter	HV031	47 147	48 253	-1 106	93 949	95 907	-1 958
☒ Varekostnader og Helsetjenester	HV032.1	-1 533	-1 334	-198	-2 773	-2 656	-117
☒ Lønn- og personalkostnader	HV032.2	-41 184	-42 988	1 804	-83 723	-85 375	1 652
☒ Øvrige kostnader	HV032.3	-4 472	-3 930	-542	-8 309	-7 877	-432
☐ Sum Driftskostnad	HV032	-47 189	-48 253	1 064	-94 804	-95 907	1 103
☐ Driftsresultat	HV033	-42	0	-42	-855	0	-855

Denne perioden:

Totale inntekter i perioden er 1,1 mill. lågare enn budsjett. Årsaka er hovudsakleg at vi ikkje har inntektsført ekstra finansiering av auka tilbod på Tronvik, sidan vi enno ikkje har etablert dette tilbodet. Aktiviteten er litt svakare enn plan for perioden.

Personalkostnadene er 1,8 mill. lågare enn budsjett i perioden. Vi har utfordring med sjukefråvær og vakante stillingar som bidreg til mykje overtid. I tillegg manglar vi fleire overlegar, og har brukt 1,0 mill. meir enn plan på innleige frå vikarbyrå. Kostnader til kjøp av behandlingsplassar ved andre helseføretak har vore 0,5 mill. høgare enn budsjett i perioden.

Sum driftskostnader i perioden er 1,1 mill. lågare enn budsjett, og bokført resultat i perioden er lik budsjett.

Til no i år:


Bokførte inntekter er 2,0 mill. lågare enn budsjett. Årsaka er hovudsakleg at vi ikkje har inntektsført ekstra finansiering av auka tilbod på Tronvik sidan vi enno ikkje har etablert dette tilbodet. Aktiviteten litt svakare enn plan så langt i år.

Totale driftskostnader er 1,1 mill. lågare enn budsjett til no i år. Kostnader til kjøp av behandlingsplassar i andre føretak har samla sett vore 0,5 mill. høgare enn budsjett. Personalkostnadene er 1,5 mill. lågare enn budsjettet.

Resultatet i år er 0,9 mill. svakare enn budsjett.


MEDARBEIDARAR

Månadsverk:



Gjennomsnittlig tal brutto månadsverk siste tolv måneder er 475. For eitt år sidan var talet 471.

Sjukefråvær:




Sjukefråværet var 8,8 prosent i januar mot 7,6 prosent same periode i fjor.


Gjennomsnittleg sjukefråvær siste tolv måneder var 7,6 prosent. For eitt år sidan var talet 7,2 prosent.

KVALITET

Epikrise



I januar var 90 prosent av epikrisene innan PHV sende innan 7 dagar, og 26 prosent var sende innan ein dag.




I januar var 92 prosent av epikrisene innan TSB sende innan sju dagar, og 68 prosent var sende innan ein dag.

Korridorpatientar

Det er ikkje registrert korridorpatientar i februar 2022.


Ventetid for ventande ved slutten av perioden



Det er 214 pasientar som ventar på behandling ved utløpet av perioden. Dei har i snitt venta i 27 dagar.

I same periode i 2022 var det 281 pasientar som venta på behandling, med gjennomsnittleg ventetid på 38 dagar.

Ventetid der behandling er starta i perioden



Dei 149 pasientane som har fått starta si behandling i perioden, har i snitt venta 33 dagar før behandlinga starta.

I same periode i 2022 var det 161 pasientar som hadde gjennomsnittleg ventetid på 40 dagar, før dei fekk starta behandling.

Fristbrot

Eining med fristbrot	Før ventande ved periodeslutt
	Pasientar
Psykisk Helsevern Barn og Unge	0
Indre Sogn Psykiatrisenter	0
Nordfjord Psykiatrisenter	0
Psykiatrisk klinikk	0

Vi har ingen fristbrot innan PHV og TSB i perioden.